



Den vakre julegrana lyser no opp i sentrum.

Julegrantenningsarrangementet i Uskedalen fredag vart eit blinkskot i førjulstida. Damevennene som står for arrangementet no, hadde gjort eit svært godt førearbeid og saman med samarbeidspartnarane sine baud dei på eit innhaldsrikt og velregisert arrangement som verkeleg sette det store publikummet i den rette og beste førjulsstemninga.



Tre trufaste musikkveteranar klare til å bidra også i år.

Oppe i Helgheim var det julemarknad, og der kunne ein finna mykje, både velgjerande og velsmakande, ja, dei rundt 15 utstillarane baud på eit skikkeleg og variert utval. Her det mogeleg å finna både julepresangar og mykje godt til å kosa seg med i jula.

I kjellaren kunne ein setja seg ned og slappa av og drøsa over ein talerken julegraut.

Om ein ikkje var grautsjuk, kunne ein enten kosa seg med pizzaboller eller melkekaker, eller ein kunne ta turen i Gamleskulen der det var salg av kaffi og masse gode kaker. På vegen kunne ein stikka innom teltet der det var salg av julanek, gløgg og nysteikte lappar.

Heilt nytt tilbod dette året var engleverkstaden i kyrkja. Det vart ein innertiar av eit supplement til dei andre tilboda. Svært mange både born og vaksne var innom kyrkja der det vart laga nydelege englar i ulike typar materiale på fire ulike stasjonar.

Hovudposten i det flotte arrangementet var også i år tenninga av den nydelege julegrana. Det skjedde presis kl.17 etter at musikklaget hadde spela nokre julesongar og Hanne Saghaug Kroka hadde helsa dei frammøtte velkommen, og talt ned til tenning frå 10. Etter at grana var tent, spela veteranane i musikklaget to julesongar til før dei overlet podiet til Lina Håland og Erlingur Nielsson. Dei framførte nokre fine julesongar; - ho med den vakre stemma si, og han akkompagnerte på gitar. Eit nytt innslag av året, og det understreka den gode julestemninga i programmet! Under programmet ved tenninga vart det nye høgtalaranlegget til idrettslaget brukt for første gong. Det er kjøpt inn etter støtte frå Sparebank1stiftinga Kvinnherad.

Svært viktig og gledeleg var måten trafikktryggleiken vart ivareteken med sperreband og vakter. Branntroppen stilte frivillig opp, og arbeidet vart leia av Knut Olav Myklebust. Dette gjorde det trygt og godt for den store folkemengda sjølv om arrangementet føregjekk på begge sider av riksvegen.

Det er all grunn til å rosa kvar og ein av dei frivillige som deltok i avviklinga av arrangementet. Det stod til toppkarakter!



Idrettslaget sitt nye høgtalaranlegg vart brukt for første gong.



Lina Håland og Ellie Nielsson bidrog med vakre julesongar.



Børsdalsnissen dukka som vanleg opp.(Foto: Harald Sætre)



Flotte smånissar var det mange av!



Tidlegare elevar sette pris på ein prat med gamlelærer og musikkveteran Svein.



Engleverkstaden i kyrkja var ny av året og vart svært populær.



Mange flotte englar vart det.



Det vart laga englar i ulike materialar på 4 stasjonar.



Engasjementet var på topp både hos born og vaksne.



Det var skikkeleg god førjulsstemning i kyrkja denne kveldsstunda.



Og medan nokre laga englar var det ein skilde som kosa seg med julebrus.



Salget av julenek gjekk unna!



I Gamleskolen var det full fart i kaffi- og kakesalget



Både kakene og kaffien smakte fortreffelig



Grautkarane dreiv også storproduksjon av skikkeleg god julegraut.



Stine og Andrea selde lodd for Damevennene.



Baketunet baud på påsmurde nysteikte melkekaker, og kaker ein kunne ta med heim.



Pizzabollar kunne kjøpast som ein kjapp middag.



Heia-trioen var blant mange som var imponert over standen til Torbjørn Haugland.



Gina baud på flotte heimesydde barnekle medan mora Kjellaug selde velsmakande lefser.



Desse unge seljarane lokka m.a. med konfekt.



Inne i Helgheimsalen var det svært mykje å velja i



Elins Matgleder baud på mykje godt i julebakt og konfekt.



Terje Helleland sikra seg av Friheim gardsmat sitt gode utvalg



Laila og Samson Øyjord var blant dei som selde mykje fint handarbeid.



Mykje folk var samla. (Foto: Harald Sætre)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland